



LÆRINGSVERKSTEDET HANDELAND
NATURBARNEHAGE AS
Postboks 215

2051 JESSHEIM

Saksbehandlar	Tlf. direkte innval	Vår ref.	Dykkar ref.	Dato
Linda Hjelmeland	45295557	2023/3750-3		24.11.2023

Nasjonal tilsynskampanje - skadedyrnedkjemping i skular og barnehagar

Tilsyn med skadedyrnedkjemping i skular og barnehagar

Kommunane i Norge skal føre tilsyn med skadedyrnedkjemping i skular og barnehagar etter [forskrift om skadedyrbekjempelse](#).

Føremålet med tilsynet er å bidra til å forhindre at bekjempelser av skadedyr i barnehagar og skular er til risiko for barna si helse. Vi vil kontrollere at skadedyr vert nedkjempa effektivt, men samtidig på en slik måte at det ikkje er til skade for helse og miljø, samt at skadedyrnedkjempinga vert føreteke av personar som kan utføre den fagmessig korrekt og effektivt, og ettersjå at det ikkje oppstår helse- eller miljøskade.

Mottakarar av dette brevet er eigarar og driftsansvarlege av barnehage- og skulebygg som ofte er bestillar av skadedyrnedkjempinga.

Som del av tilsynet er vi avhengig av å få oversikt over pågåande skadedyrnedkjempingar i barnehagar og skular og få tilsendt protokollar frå nylege nedkjempingar til gjennomgang.

Vi ber om tilbakemelding innen 15.12.2023 med:

- Kontaktpersonar for skadedyrnedkjempingar i dykkar verksemd.
- Oversikt over pågåande skadedyrnedkjempingar og gjennomførte nedkjempingar i 2023/2024 i dykkar skular og barnehagar.
- Kopi av protokoller som er mottatt etter skadedyrnedkjempingar i dykkar skular og barnehagar i 2023/2024.

Tilbakemelding med dokumentasjon kan sendes med e-post til:
Linda.hjelmeland@kvinnherad.kommune.no

Om tilsynet

Tilsynet er retta mot skadedyrnedkjempingar og inngår i en nasjonal tilsynskampanje med skadedyrnedkjemping i barnehagar og skular.

Ifølge forskrift om *skadedyrbekjempelse* § 3-5 plikter skadedyrnedkjempar å føre samanhengande protokoll over kva nedkjempingsstiltak som vert iverksett. Tilsynet vil gjennomgå protokoller vi får frå dykk, og om nødvendig verifisere opplysningane her gjennom kontakt med bestillar av nedkjempinga og synfaring.

Tilsynsmynde

Kommunen er tilsynsmynde overfor nedkjempingar som vert gjennomført på eigedommar og i bygningar i kommunen.

Vi ser frem mot eit godt samarbeid!

Med helsing

KVINNHERAD KOMMUNE

Glenn A. Opland
Kommuneoverlege

Linda Hjelmeland
Spesialkonsulent miljøretta helsevern

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Kopi til:

Glenn André Opland

Rosendalsvegen 10

Mottakarar:

LÆRINGSVERKSTEDET HANDELAND NATURBARNEHAGE AS